

Bunadnemnda i Rogaland ungdomslag



Deltakare og lærare avslutta vårens kurs med besøk av fotograf Ingeborg Skrudland.

Årsmelding 2023

Bunadnemnda hadde i 2023 fire medlemmer: Daghild Håvardsholm (leiar), Målfrid Grimstvedt (kasserar), Eli Olsen og Ragnhild U. Ødegaard (skrivar).

Me har hatt tretten styre- og arbeidsmøte, av dei seks der me jobba med arkivering. I tillegg har me hatt tre møte med Stavanger museum, og fire arbeidsmøte same stad for å montera og demontera hovudbunadutstillinga. Eitt møte med Nordaker bunader om revidering av skjortemønsteret. Det har vore eit aktivt år både med formidling og eiga fagleg utvikling. Årsmeldinga tar og med faglege reiser som ikkje er belasta bunadnemnda sin rekneskap.

Bunadkafe på MUST Stavanger museum

Det var fire bunadkafear på våren, og fire på hausten. Me har eit lite tema kvar gong, og bunadnemnda var ansvarleg for mange av dei.

Dette året snakka me t.d om skjortebroderi. Då viste me ein original skjortelinning frå Suldal, og hadde med kursmateriell og prøver på skjorta bunadnemnda har rekonstruert.

Når eit tema blir omtalt på førehand kjem det som regel nokre ekstra deltakare. Bunadkafeen samlar mellom 15 – 30 deltakare.



Bunadkafe. Ragnhild med ryggen til, og Daghild ved bordet.

Kursverksemd



All saum på bunaden er handsaum og plagget blir tilpassa kvar brukar. Det betyr mykje tilpassing, med stadig nye merkingar med ulik farge på tråden.



Daghild har perlebrodert mønsteret på gammal lue med perleknipping.



Alle foto: Ingeborg Skrudland. Nokre er utsnitt ved RUB.



Kurslærer Judith Pinjuh

Bunadtilverkar Judith Pinjuh har i år vore med som ekstra lærar på kursa våre, og vil halda fram med det. Ho gjekk på kurs hos oss i 2022 og sydd seg kvinnebunad. I tillegg til sveinebrev som bunadtilverkar har ho fagbrev i kjole- og draktsaum. Til dagleg arbeider ho på Bunadhjørnet, Sandnes.

Våren 2023 hadde me kurs med elleve deltakarar, ti kvinner og ein mann. Registrert som to kurs. Det blei sydd på ein mannsbunad og resten kvinnebunader.

Hausten 2023 hadde me kurs med sju deltakarar, alle kvinner. To av desse sydde mannsbunad.

Arkiveringsarbeid

Mykje av det skriftlege materialet til bunadnemnda er no samla, arkivert og digitalisert, men noko står framleis att. Førabels blir arkivet oppbevart i Siddisstova, men på sikt bør det som ikkje er i aktiv bruk, arkiverast saman med Rogaland Ungdomslag sitt arkiv i Statsarkivet.

Det er og laga ei samla oversikt over alle mønster og saumrettleiingar som er laga.



Annan fagleg aktivitet



Handvevar Lise Skoug Obel leverer stoffet til Eli Olsen under årsmøtet i Norsk folkedraktforum på Toten i mars.

Dei handvovne stripestoffa i brunt og gult til stakk er no ferdige og leverte til oss. Lise Skoug Obel på Lillehammer har laga eit svært godt resultat.

Nordaker Bunader har ansvaret for m.a. skjortemønsteret vårt. Dei arbeider med å revidera illustrasjonane i dette, i samarbeid med oss. Det vil bli trykt opp i 2024.

Me har endra stoffkvalitet og fargenummer på stoffet til kanting av mannstrøya.

Hovudplaggutstillinga på Stavanger museum



Norsk folkedraktforum si vandretstilling «Hovudplagg og hårmote» stod på Stavanger museum frå mars til ut september. Bunadnemnda er ei av 22 grupper rundt i landet som har laga dei 70 hovudplagga i utstillinga. Bunadnemnda monterte utstillinga i kjellaren på museet 15/3. Høgtideleg opning var ikkje før 27/4, då Målfrid hadde ein orientering om utstillinga og dei ulike typane av hovudplagg som var representerte. I tillegg kledde me på ei brur med kopien av Hylskruna og bringeduken som BUL Stavanger eig. Dette skjedde i utstillinga «Huldresølv» der den originale Hylskruna var utstilt. Mykje publikum var med. Me demonterte utstillinga 2/10.



Sirkeltrening i Noregs Ungdomslag 29.april

Målfrid stilte frå bunadnemnda på Noregs Ungdomslag si tilskipping. Ho leia ei av gruppene. Her blei dagens bunadbruk diskutert.

Årsmøte og fagseminar i Norsk folkedraktforum på Silongen (Toten) 17.-19.3.2023

Heile nemnda reiste. Det var fagseminar med innlegg om drakttradisjonar på Hadeland og Toten. Under årsmøtet vart Målfrid attvald som leiar.



Peder Kihle Schønby fortalde om knivproduksjon på Toten. Hadelandsbunader og verken i vakgrunnen.



Under fagdagane var det fotooptak som skal brukast i eit nytt læreverk om bunader.

Fagdagane i bunad og folkedrakt 2023, på Fagernes 25.-26.9.2023

Alle i bunadnemnda deltok. Årets tema var om å ta vare på handverkskunnskapen som ennå finst, med djupdykk i bruken av perler i bunad og folkedrakt, nasjonalt og internasjonalt.

Studietur til Danmark med Norsk folkedraktforum 12.-15.10.2023

Tre av oss reiste, og fekk ein lærerik tur til Sjælland, der ein vitja fleire museum med store samlingar av draktplagg.

Museumsnatt på Stavanger museum 27.10.2023



Me hadde ein liten stand. I tillegg var me med på bunadparaden, der eigarar av bunadar som hadde vore med i utstillinga «Frå Hulda til hijab» viste fram draktene sine.

Daghild hadde med dotter Milfrid og dotterdotter Hidle på bunadparaden. Dei var kledd i 1.generasjon rogalandsbunad og nasjonaldrakt frå 1915, begge deler bunader brukt i familien. Målfrid hadde lånt dei til utstillinga.

Tur til Hardanger folkemuseum, Utne 8.11.2023

Bunadnemnda reiste for å sjå hovudplaggutstillinga, som her hadde blitt utvida med 30 nye hovudplagg frå Hardanger og frå andre delar av Hordaland.

Handverksmessa i BUL Stavanger 19.-20.11



Bunadnemnda deltok som vanleg med utstilling og informasjon om bunadane våre, og om bunadhistoria i fylket vårt. Mange var interesserte i å få vita meir, og ei melde seg til bunadkurset våren 2024.



Anna

Ei av elevane på kurset har søkt om å få bruka mønstrene til både den rekonstruerte manns- og kvinnebunaden som ledd i svenneprøva ho skal ta til våren, og seinare for å sy desse bunadane til andre. Me har strenge retningsliner for slikt, og treng å arbeida meir med saka.

Planar for 2024:

Bunadkurs våren 2024, og evt. også hausten
Delta på bunadkafear på Stavanger museum
Arkivarbeid- halda fram
Delta på fagsamlingar innan bunadarbeid